

[Automatisk teksta av Autotekst med NB Whisper. Kan innehalda feil.]

[KLAUS MOHN]

Du lyttar no til ein podkast frå Universitetet i Stavanger.

Om tre veker er det nøyaktig 45 år sidan boligplattformen Alexander Kielland kantra på Ekofiskfeltet i Nordsjøen, med 212 menneske om bord.

123 folk omkom, og 89 blei redda.

Granskinga blei avslutta innan eit år og konkluderte med at ulykka var forårsaka av trøtthetsbrudd i eit støttestak for eit av plattformbeina.

Sjølv om granskingskommisjonen står igjen med den offisielle forklaringa bak ulykka, så har uroen aldri lagt seg.

Alexander Kielland-ulykka har blitt eit sår som aldri heilt ville gro.

Kravet om ny gransking har blitt reist og avvist ved ei rekke anledninger.

Overlevande og etterlatte sit igjen utan tilfredsstillande forklaringar.

Utan oppreisning og utan erstatning.

Etter ei ulykke som ingen heilt har tatt ansvaret for.

Og no har ein ny rapport frå Universitetet i Stavanger opplyst fleire sider av saka.

Og avdekka at dokument kan vera haldt unna både etterforskning og gransking.

Dette kan gi ny innsikt om årsaksforholdene bak ulykka, og dermed òg om ansvar og erstatningsplikt.

Eg har med meg Marie Smith Solbakken, professor i historie ved Universitetet i Stavanger, som har forska på Kielland-ulykka i fleire tiår.

I tillegg har eg med meg Mimmi Kristiansson, som først og fremst er oljeunge.

Men òg journalist, skribent, forfattar og politkar.

Og no har Mimmi engasjert seg i Kielland-saka som stortingsrepresentant for Rødt.

Velkomen, skal de vere begge to.

Det er nok lyttarar som er med oss, så eg tenkte eg skulle be deg, Marie, om å fortelje oss kort kva som faktisk skjedde den torsdagen i slutten av mars for nokså nøyaktig 45 år sidan.

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Ja, det er torsdag før påske.

Det er eit fælt og forrykande vêr.

Det er såpass dårleg vêr at helikopter blir innstilt.

Og arbeidarar blir heller ikkje skjøtla vidare eller sendt i land.

Så ein har ein liten propp på Kielland, der det er igjen 212.

Bølgene er ca.

8 meter.

Kielland er ein ...

Bore plattform i utgangspunktet.

Men den blei aldri brukt som ei boreplattform, den blei brukt som eit hotell.

Og Philips ledde, Alexander Kielland, av eit stavangerselskap som heiter Stavanger Drilling.

Og den blei lagt ved sida av Edda, ute på Ekofis-feltet, og var forbunden med Edda med ei gangbru.

På grunn av dette været den kvelden, så tok dei opp gangbrua og forhalte Kielland vekk ifrå Edda, så ikkje dei ...

Skulle støyte sammen.

Det strides om foten datt av omtrent under forhalingen eller eit kvarter eller 20 min etterpå.

Det er egentlig vanskeleg å få tak i. Men innenfor ein halvtimes tid så brekker dette staket.

Og foten ... Den eine plattformfoten, den ...

Rives av og spretter opp og fyger nesten som eit prosjektil ut ifrå kjellaren.

Det seier vitneforklaringa.

[KLAUS MOHN]

Foten høyrest så beskjedent ut.

Det var fem av dei, og det er pongtongane i botnen, der dei var 35 meter i diameter.

Så det er svære krefter her.

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Det er store krefter.

Og så er det da skoplattformar går rundt, fordi ein fot går av.

Nei, det skulle han egentleg ikkje gjort.

Beregninga viser at han kunne låge nokre timar om alle dører var lukka og vanntette skott.

Altså at det var lukka.

Fordi at siden den låg som eit hotell, og var ei flyttbar innretning, så var det lovpålagt at dette skulle vere lukka.

Men dei var opne fordi det pågjekk arbeid om bord.

Fordi Kielland skulle gjerast om til ei boreplattform igjen.

Og skulle over på britisk sokkel og jobbe for Shell.

Det var tidsnød, som det ofte var på 80-talet i Nordsjøen.

Og da neglisjerte ein sikkerheitskrav og bestemmelser.

[KLAUS MOHN]

Då har me bakteppet.

Du er litt for ung til å ha opplevd dette live.

Korleis blei du bevisst på kjellarulykka og omfanget rundt den?

[MÌMIR KRISTJÁNSSON]

Det gjekk mange år før eg blei bevisst at nokon hadde døydd eller lidd i norsk oljeindustri.

Lykkeland er blitt ein kjent TV-serie no, men forteljinga om olja då eg vaks opp, var ei forteljing om rikdom, om nokre pengar Noreg hadde i banken, eigentleg.

Og så hadde ein nokre folk i nabolaget som visste å jobbe i olja, og dei hadde ekstra mykje pengar, og det var ein klar over.

Så diskusjonen heile vegen, når vi skal tenke det vi blei prenta inn med på ungdomsskulen og vidaregåande, det var jo om vi blei for rike, er det for mykje pengar, skal vi skamme oss over dette?

Og kvifor vi hadde kome opp i alt sånt.

Men ganske lite informasjon om arbeidsvilkår, om det tekniske, om ulykker og om andre sånne ting.

Det var egentlig gjennom Kian Reme, som var bror av den som døde på Kjelleren. Og var i veldig mange år primus motor i arbeidet for de etterlatte, overlevende osv. Og jeg støttebehandler i Stavanger Arbeiderparti, der jeg var med en kort periode. Ung og dum, men ... Før blei Raudt fyr.

Så det var gjennom det, og eg blei jo heilt sjokkert over dimensjonene, da.

Altså, det er 123 døde.

Det er ekstremt mange.

Det er jo alltid fælt å drive med sånne samanlikningar, men det er fleire enn det døydde 22.07., og det er fleire enn det har døydd i det norske forsvaret i heile etterkrigstida, sånn at det er heilt ekstremt stort.

Og for meg var det nesten litt sjokkerande å vite at den ...

Ulykka hadde nesten seilt under radaren for oss i min generasjon.

Så er det jo ikkje det for veldig mange.

Men for oss var det ein del av norsk oljehistorie som ikkje passa inn.

Dette handla om at Noreg hadde ... Og eg hugsar uttrykk som blei brukte veldig ofte.

Noreg hadde vunne i lotto ved å finne oljen.

Det var rein og skjær flaks.

Og no hadde me masse, masse pengar.

Og det som forsvann i den forteljinga, det er jo flaks å ha olje, det er jo ikkje det at det er usant.

Men det som forsvant i den fortellinga, var alt som var farleg og hardt arbeid og risikabelt.

Det blei liksom dei skitne sidene av oljeeventyret der.

Dei hamna i bakgrunnen.

Og det som derimot blei problematisert, var Noregs enorme rikdom samanlikna med andre land i verda.

[KLAUS MOHN]

Den siste rapporten frå dykk vitnar om at dette var ekstraordinært når det gjaldt størrelse.

Men på slutten av 70-talet var det årvisse ulykker og uhell og helikopter som fall oss vidare.

Så folk døydde jo.

I olje- og gassnæringen nær sagt hvert år i siste halvdel av 1970-tallet.

På den bakgrunn er det òg ganske merkelig at forestillingen var som Mimibre skriver.

I rapporten skriver du òg om en oppvakt psykolog som to uker etter ulykken skreiv en artikkel.

Som heiter noko sånt som 'Korleis isolere ei ulykke', og den skal seinare danne eit slags analytisk prisme for det arbeidet de har gjort.

Kan du seie litt om konteksten og kva den artikkelen dreidde seg om?

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Ja, Thomas Mathisen skreiv en artikkel to uker etter ulykken.

[KLAUS MOHN]

Sosiolog, ja.
Ja, sosiolog.

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Og det var jo ... I ettertid er det jo ganske sterkt at den teorien, eller det tanke... Altså hans perspektiv, at det fortsatt er såpass sterkt.

Det han skreiv, er at ei så stor ulykke ville myndigheiter, eigarar, gjere alt for å isolere. Å dra ut av sin samanheng.

At det var noko uvanleg.

At dette ikkje hadde samanheng med oljeindustrien.

At dette ikkje hadde samanheng med norsk styringsmodell.

At dette heller ikkje hadde samanheng med at nokon hadde gjort noko gale.

[KLAUS MOHN]

Så det skulle gjerast mest mogleg tilfeldig, og ingen skulle kunne stilla seg til ansvar. Eit hendeleg uhell.

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Ja, at det berre skjedde.

[KLAUS MOHN]

Så agendaen var å gjera dette til noko som ikkje hadde noko med systemet eller organiseringa av olje- og gassverksemda eller måten den blei driva på.

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Som eit ... Eit mystisk samantreff.

[KLAUS MOHN]

Nettopp.

Som ein kreftsvulst utan spreiding, for å seia det litt enkelt her.

Med meir.

Kva tenker du om dette?

[MÌMIR KRISTJÁNSSON]

Nei, dette er jo egentleg på ein måte ganske typisk.

At ein når noko sånt skjer, ei sånn ulykke, så er det alltid ein veldig motstand mot å involvere nokon andre i det, eller på ein måte å sjå dei feila som har leia fram til det.

Og det er klart at det er litt naturleg, menneskeleg òg, for det er jo veldig ubehageleg å på ein eller annan måte sitte med ansvar for 123 menneskeliv viss du har gjort eit eller anna feil, eller viss du skal seie at det er norsk måte, norsk rolle i politikken,

Norsk organisering av oljebransjen var på, egentleg er direkte ansvarleg for dette.

Det er veldig stor erkjennelse, som sjølv sagt mange har personlege interesser av å ikkje ha.

Men det andre òg, i tillegg til det psykologiske, er at det er nokre klare økonomiske motiv.

Som at ein ville jo fortsette å drive med olje i Noreg.

Vi har hatt ein diskusjon i Midtpartiet om kjernekraft.

Det klassiske når ein snakkar om kjernekraft, er krav om at det skjer ei ulykke.

Difor kan me ikkje ha det, fordi det kan skje ei ulykke.
Og så kan ein sjå på oljeeventyret i Noreg.
Sjå kor mange ulykker det har vore.
Likevel har ein framleis med det.
Men viss ulykka skulle hefte ved heile norsk oljesektor, så ville kanskje mange ha meldt seg og sagt at me må bremse opp, me må ikkje opne fleire felt, me må avgrense osv.
Det ville vore veldig vanskeleg.
Her skjedde det to ting.
Det eine var å framstille dette som mystisk, men ein fann òg ein beleileg skurk i utlandet.
Nemleg det franske verftet som hadde gjort denne konstruksjonsfeilen.
Og ein forsøkte jo så godt som det la seg gjere, så vidt eg har lese meg til, iallfall å legge all skyld på dei.
Så det var ikkje berre det at dei hadde gjort ein feil, dei hadde gjort den einaste feilen i forbindelse med dette.
Og dermed var saken løyst og kunne begravast.
Og det var jo sjølv sagt ekstremt beleilig for alle norske involverte aktørar.

[KLAUS MOHN]

Eg var jo noko eldre, eg hugsar faktisk ikkje den ulykka, men eg deler oppfatninga til Mimmi likevel om at historia den gongen var jo at dette var veldig tragisk og forferdeleg, og katastrofe osv., men det var eit hendeleg uhell.
Det er for denkelte i ettertid til å reise spørsmål om.
Det må vi luke ut.
Det dør folk i alle næringar i arbeidsulykker heile tida.
I landbruket dør det folk kvart år.
I andre bygg- og anleggsbransjar dør det folk stadig vekk osv.
Kva er det med oljearbeidarane?
Kvifor skal me bråke i så mange tiår etterpå når det gjeld desse oljearbeidarane?

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Jo, fordi at ... Det blir aldri ro omkring Kielland-ulykken før nokon tar eit ansvar.
Det mystiske teppet som er lagt over Kielland med den franske skurken som gjorde ein lemfeldig jobb, som gjorde at 123 menneske døydde ... Er ...
Har ikkje sunke inn hos dei arbeidarane som var der.
For dei arbeidarane som var ute, dei såg at ein neglisjerte sikkerheitsbestemmelsar.
Dei var jo ... Jobba i ei tid der Kielland-ulykka ikkje var den einaste ulykka.
Og i 1980 så var vi faktisk kome så langt i tankemåte at dei fleste samfunnsforskarar og sikkerheitsforskarar sa at alle ulykker er samansette.
Så korleis denne granskingskommisjonen klarte å isolere denne ulykka til éin enkel ting, og peike på skulda i utlandet, er jo kanskje det eg i ettertid har tenkt på er jo eit lite kunststykke.

[KLAUS MOHN]

Så det som er ein forskjell her, er at ...

Dei etterlatte kan ikkje slå seg til ro med at det var eit tilfeldig uhell, men det nærast sterke mistankar om at dette i nokon grad skuldast dårleg sjømannskap, uaktsomhet, dårlege sikkerheitsrutinar osv.

Viss det stemmer, så er det eit ansvarsforhold.

Og med ein gong det er eit ansvarsforhold, at nokon er ansvarleg for dette, så oppstår det òg ei erstatningsplikt.

Stemmer det så langt?

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Det stemmer.

[KLAUS MOHN]

Ja.

Så det ser eg som drivande mekanismer i denne saken, Mimir.

[MÌMIR KRISTJÁNSSON]

Den er notorisk uvillig til å påta seg denne typen ansvar.

Det er veldig, veldig vanskeleg.

Frå Nordsjøen kjenner me dette i mange rundar.

Det var ein kjempelang kamp i si tid for å få erstatning for Nordsjødykkarane.

Som til slutt måtte gå heilt i menneskerettsdomstolen og vann der.

Det har vore ein kamp, og er ein kamp enno, for dei såkalla pionerarbeidarane som har blitt utsett for benzen, den type ting.

Ein har Kielland-ulykka.

Det er når sånne store feil og manglar skjer frå staten si side, og staten er implisert og medansvarleg, då sit det ekstremt langt inne å ta ansvar for det.

Og det har ein historisk sett.

Eg bruker eit retorisk eksempel, men eg synest det er ganske godt likevel.

Når ein til slutt bad krigsseilane om unnskyldning etter krigen ... Det var i 2013, så det tok 70 år å klare å be om unnskyldning for heilt openberre feil som staten gjorde i handteringa av dei etter krigen.

Og denne uviljen til å innse eller innrømme feil, den ...

Den er jo òg ... Det verkar på meg nesten som om staten er villig til å bruke meir pengar på å ikkje betale erstatning enn å berre betale erstatninga.

Sånn at det ligg ein sånn mekanisme der, og det handlar òg sikkert om politiske mekanismar.

At ganske tidleg så var det jo nordligregjeringa til Ap som fekk dette i fanget.

Og det å ha medansvar for ei Arbeidarparti-regjering, for ei industriulykke der det dør 123 arbeidarar, det er jo ... Altså, det Kings Bay-ulykka som Gerhardsen i si tid blei felt av, var jo ei industriulykke.

Så det å ha medansvar for det, er ekstremt skjebnesvangert.

Og ganske raskt, sjølv om Arbeidarpartiet sat med regjeringa då, så kom jo Willoch-regjeringa inn òg, og blei på ein måte òg innsausa i ein del litt sånne rare ansvarsforhold her knytta til gransking og korleis ein løyste det.

Og da sit begge dei to store styringspartia i Noreg og er på ein eller annan måte eigentleg litt implisert.

Og det gjer det sjølv sagt.

Dette er jo heilt menneskeleg, men det gjer det ganske vanskeleg for dei same partia no plutseleg å seie at dei tok grundig feil og prøvde.

Og hysja litt bort av det døde 123 folk på sokkelen.

Det er veldig vanskeleg.

Men det skaper jo denne veldige motstanden og treigheita at uansett kva som kjem fram av funn, av granskingar, av vitnesbyrder, så møter man ein eller annan vegg der inne.

[KLAUS MOHN]

Det er sterke interesser som sluttar rekkene og står skulder ved skulder i å forsvare den etablerte historia som fratar dei involverte ansvar.

Det er styringspartia som du nemner.

Men det er òg næringslivsinteresser i brett her, og fagforeiningar.

Så kvifor har ikkje fagforeiningane eingong tatt eit oppgjær med dette?

Kvifor er dei så stille rundt denne saka?

[MÌMIR KRISTJÁNSSON]

Nei, dette er jo mange som er veldig sure, særleg på LO og det som no heiter styrke, eller tidlegare industri og energi.

For i førre runde var det jo oppe eit krav om å få ei ny gransking.

Og då kom ein til ein veldig underleg konklusjon i Riksrevisjonen, der ein eigentleg kom sabla ned alt i myndigheitene sin håndtering av saka, for så å konkludere med at det ikkje trongast ny gransking likevel.

Og blant anna der, men også ved andre korsveg, og så har jo da ...

Styrke og safe er litt annerledes her.

Men Styrke, som er LO-forbundet, har akseptert at det ikkje skal grenses på nytt.

Med å bli ferdig med dette, og la dette ligge.

Og det er det berre ikkje så veldig stor sjanse for at dei kjem til å gjere uansett.

For di svara er utilfredsstillande.

Og det er ikkje berre overlevande, det er òg etterlatte.

Så det er folk her som ikkje kjem til å la dette ligge, eller finne ro rundt det.

Men eg trur det skuldast òg delvis ei form for politisk lojalitet til Arbeidarpartiet, som iallfall finst i LO.

[KLAUS MOHN]

Motstanden vi skisserer, det stakkar forsvaret for etablerte narrativer, det har du stått opp imot i så lenge du har forska på Kielland-ulykka, aner du meg.

Kan du si litt om korleis det har arta seg?

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Ja, altså ... Eg har lyst til å trekke opp 1980.

Når denne ulykka skjer, når Arbeiderpartiet velger å ... Å isolere ulykka.

Så er me midt i ein politisk fight om oljebåten no for 62. breddegrad.

Så ... Altså, Kielland-ulykka skjer på eit utruleg kritisk tidspunkt for Arbeidarpartiet.

Og me ser då i regjeringspapira, for me har gått gjennom regjeringskonferansane på fredag, at både Veritas, Oljedirektoratet og Sjøfartsdirektoratet rapporterer til regjeringa at sikkerheita er ikkje forsvarleg, og heller ikkje akseptabel.

Bjartmar Gjerde avsluttar møtet og seier at dei skal ha nytt møte igjen over helga, og at det kjem nytt saksframlegg.

I det nye møtesaksframlegget på mandag har dei tatt vekk dette at myndighetsorgana har proklamert til regjeringa at sikkerheita ikkje er forsvarleg.

Og det har jo sammenheng med, for heile det siste notatet, handla om kva me skal gjera for.

Og Borra nord for 62. breiddegrad.

Me var midt i ei ekspansjonstid.

Og eg har snakka litt med dei eldre politikanane for å prøve å få ei forklaring på kvifor dei gjorde det.

For det var jo ikkje det at dei var uærlege eller konspiratoriske.

Men langs heile kysten låg jo verfta som perler på ei snor, og ein mangla oppdrag.

Det var veldig viktig at oljeindustrien ekspanderte.

Det var veldig viktig å bygge rigger.

Det var veldig viktig i denne omstillingen å ikke få en knekk i næringen.

[KLAUS MOHN]

62. breddegrad var satt som ei demarkasjonslinje.

No ville ein vidare og forbi og bringe oljeverksemda lenger nord.

Om dette stod regjeringa, næringslivet og fagbevegelsen samla.

Dei tolte ikkje uro rundt denne saka, for det kunne forstyrre ekspansjonsplanane.

Dette dannar eit historisk mønster, men me gjer ikkje det.

[MÌMIR KRISTJÁNSSON]

Ja, absolutt.

Det viser jo at i behandlinga av slike ulykker, eksisterer det enormt mykje forskjellige springande interesser.

Berre for å samle inn noko som mange sikkert har friskare i bevisstheten, som at ein hugsar 22.07.

Oppgjøret.

Så til tross for at det var ein katastrofe, nasjonen var samla, det var rosete og alt mogleg, det tok jo ikkje lang tid før det var ein veldig krangel om kor ansvar skulle plasseres, kven som skulle haldast ansvarlege, om regjeringa kunne ansvarleggjerast, ja eller nei, som òg blei komplisert av at det var Arbeidarpartiet som var angreipe, da, men i det heile tatt ... Og det berre vise at sånne ulykker som dette får jo ...

Dei er tragiske, synest jo alle, og alle blir berørt av dei.

Men dei får jo ganske umiddelbart politiske implikasjoner.

Og kva implikasjoner er det?

Og der er den ordinære interessekampen i samfunnet berre tilbake igjen.

Det er ikkje mange dagane med landesorg før du er tilbake til den.

Er det sånn at viss ein hadde som agenda å skape folkeleg oppslutning om å utvide og kanskje til og med eskalere tempoet i den norske oljeverksemda, så passa det veldig dårleg viss det skulle vise seg at det var veldig farleg å drive med oljeverksemd.

Då var det betre at det var eit upåliteleg fransk verft som var skuld.

Berre for å ta dei feilane.

Det er jo feil på feil på feil i forkant av Kielland-ulykka.

Det er mangelfulle sikkerheitskurs på nesten alle om bord.

Det er opne dører og luker, som Marie nemnde.
Og det er jo òg dispensasjoner, som aldri burde vore gitt.
Og i tillegg ... Det skjer jo egentleg tre feil her, då.
For det første er det alle dei feilane, som myndigheitene delvis er med på før.
Så kjem det jo noko feil når ein ikkje granskar det skikkeleg.
Det er ei veldig hyrten og styrten gransking, og ein senkar jo til og med ryggen igjen
ganske raskt for på ein måte nesten berre å gløyme han og bli kvitt han.
Så det er jo òg ein feil.
Og så kjem det jo ein tredje feil, som òg Riksrevisjonen har kritisert myndigheitene for,
nemleg at ein følger opp dei overlevande og etterlèt dei veldig dårleg.
Det er lett å tenke at eit erstatningsspørsmål handlar om kroner og øre.
Det gjer det til dels òg, sjølv sagt.
Men det handlar òg om ein sånn endeleg ...
På ein måte avslutning av saka.
Nokon har tatt ansvar, og dei har sagt at du har krav på erstatning, og staten har innrømt
eit slags medansvar eller skyld.
Sånn at det òg er mykje sterkare symbolsk for mange av dei menneska som har brukt
sikkert kvar dag i livet sitt på å tenke på dette, sidan dei overlevde den ulykka, eller sidan
dei mista faren sin der ute, da.

[KLAUS MOHN]

Men på skyldspørsmålet har du òg noko å seie om kor brota egentleg skjedde.
Og du indikerer at det var eit delt ansvar mellom myndigheitene og selskapa.
Kva tenker du om det?
Var hovudproblemet at regelverket ikkje var godt nok?
Eller var hovudproblemet at regelverket ikkje blei etterlevd?

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Eg tenker at det er begge delar.
Absolutt begge delar.

[KLAUS MOHN]

Då er det ei skylddeling som bør finne sted mellom ... Mellom operatør, Stavanger
Drilling og myndigheitene.

[MÌMIR KRISTJÁNSSON]

Det er verdt å seie at det som ofte brukes som avsporing i diskusjonen om erstatning, er
at det har blitt gitt ei privat erstatning.
Frå oljeselskapet.
Men det har jo ikkje vore noka form for offentleg erstatning eller ansvar her, då.
Og det er jo der det ligg no.
Eg vil berre ta endå eit perspektiv, for å prøve å trekke nokre linjer her, då.
Og det at eg ...
Eg trur personleg at viss den ulykka hadde skjedd på land, så hadde det her blitt mykje
meir alvorleg enn viss det skjedde til havs.

Eg meiner at me historisk kan peike på at me i Noreg har vore dårlege til å ta vare på dei som har jobba for oss på sjøen, og at det til og med blant mange i befolkninga, folk flest, har vore ein overdreven idé om kor lukrativt og lett og godt det har vore å jobbe til sjøs. Og heilt frå behandlinga av krigsseljarane, som eg nemnde ... Som jo veldig mange, mange år trudde at berre hadde brukt krigen på å vere på horehuset i Brooklyn, for å seie det sånn, og kost seg, mens andre var okkupert.

Det var jo heilt stikk motsett.

Det var jo der det var fælt å vere.

Men òg oljearbeidarane etterpå, som har alle slags førestillingar om at dei er privilegerte, dei har enorme økonomiske ressursar, dei er veldig rike, osv.

Og verkelegheita, arbeidshverdagen der ute, er så fjern for mange av oss, som aldri har sett sin fot på ei plattform, f.eks.

At det blir litt ute av syne, ute av sinn.

Hadde du hatt ein fabrikk i Noreg på Jæren som hadde gått i lufta, og 123 folk hadde døydd, så trur eg det hadde hatt eit mykje større nedslag i befolkninga for øvrig.

Det hadde vore lettare for det store fleirtalet som jobbar for landet, å tenke at det kunne vore min jobb.

[KLAUS MOHN]

Ja, eg trur ikkje det er lett å tenke seg ei tilsvarande ulykke på land, der ingen måtte gå, for å seie det litt enkelt.

Det trur eg det hadde fått heilt andre konsekvensar.

Det mistenker nok eg òg.

Men det som har brakt nytt liv i denne saka denne våren, var jo at ved førre Korsvegen, då kravet om ny gransking blei avvist, blei det likevel beslutta at Oljemuseet skulle få pengar til å gjennomføre eit dokumentasjonsprosjekt, og under det prosjektet har de i ditt fagmiljø, stått bak ei ny empirisk undersøkelse av myndighetenes oppfølging av ansvar etter ulykken.

Den blei offentleggjort tidlegare i vinter og vil truleg få politisk etterspill.

Kan du seie litt om arbeidet med rapporten, og kva som er dei nye funna her?

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Me har sett på korleis påtalemyndighetene handterte saka, og regjeringa, politikarane. Politiet ... Det skulle vere to parallelle granskinger.

Politiet skulle etterforske, og granskingskommisjonen skulle granske.

Det var instruksjonen fra Riksadvokaten.

Fordi at granskingskommisjonen hadde ikkje etterforskningskompetanse.

Politiet leverer sin første politirapport i slutten av desember 1980.

Dei seier at dei finn tre årsaker til at ulykka er tredelt.

Det er at ein fot, altså foten, datt av styrke.

Vannet treng inn.

Og redningsmoglegheitene var for dårlege.

Så kjem Granskingskommisjonen med sin rapport i år.

Hovedårsaken er denne foten, styrkesvikten.

Dei peker jo på at redningen ikkje fungerte.

Dei peker òg på at dører ikkje var opne.

Men ikkje at det hadde betydning for at plattformen havarerte, fordi at plattformen skulle vore konstruert på ein slik måte at han hadde oppdrift nok.

Til å kunne halde seg flytande sjølv om ein fot datt av.

Så er det då ein vidare diskusjon som går, og i ... Plattformen blir snudd.

Politiet kjem med sin nye rapport, og dei tar fleire hundre bilde.

Og på de bildene der så ser vi at det er jo sant det arbeidarane sa, at krabla gjekk gjennom dører og sånt, og at ein derfor ikkje kunne lukke dører.

Og at dører stod på vidt gap, og det står til med close då, og den døra er open.

Me hadde dykka rapporter.

Ein visste òg at dørene var opne.

Det hadde vore ein NTH-rapport som òg hadde sagt dette før, men det hadde blitt snakka ned.

Såpass snerkt ned at Riksadvokaten velger å henlegge Kielland-saken i 1982 fordi statsadvokaten seier at det ikkje er mogleg å vite om dørene var opne.

[KLAUS MOHN]

Men i Riksadvokatens opphavlege korrespondanse er det ganske klart i bestillinga at Riksadvokaten ville ha opplyst eventuelle strafferettslege forhold rundt ulykka, for å undersøke om det er noen som skal måtte stilles til ansvar, og at det er politiets oppgåve.

Det foreligger òg fotodokumentasjon.

Sjølv om det ikkje var offentleg kjent, forelå det fotodokumentasjon, så det var bevis.

Likevel munnar etterforskinga ut i ei henleggelse og ingen skyldforhold.

Korleis heng dette saman?

Ein får mistanke om at dette er lømfeldig.

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

For meg er det uforståelig.

Eg må berre sitere Statsarkivaren, som seier at UiS-forskarane var dei fyrste som gjekk inn i den politimappa frå 1983.

Den har ikkje vore opna før.

[KLAUS MOHN]

Og det trass i den klare bestillinga frå Riksadvokaten om å opplyse strafferettslege sider.

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Me har ikkje klart å finna ut om dette stoppa hos Riksadvokaten eller Statsadvokaten, eller om det ikkje var kommunikasjon mellom granskingskommisjonen og politiet.

Men dei seier jo at dei kommuniserte godt, granskingskommisjonen og politiet, uttaler dei på NRK.

[MÌMIR KRISTJÁNSSON]

Dette er jo òg, synest eg, ganske interessant politisk.

For når fleirtalet på Stortinget blei einige om at det ikkje var nødvendig med ei ny gransking, så skuldast jo det bl.a.

at ein meinte at denne typen funn var heilt umogleg å gjere.

Altså at det var ... Alt som var å finne, var funne.

Ein hadde vore gjennom dette mange gonger, og det var blitt reist forsøk på ny gransking, og kome med ny dokumentasjon, men saka var avslutta og lukka.

Og så fekk ein i stedet dette dokumentasjonsprosjektet, som hadde leia fram til denne rapport.

Og eg meiner jo at dei funna som er her, og dette er jo uavhengig av det politiske erstatningsspørsmålet, men berre funna her, viser jo at den beslutninga om ikkje å gjenopna granskinga, var feil.

Berre det at det var mogleg å gjera nye funn av den typen, er jo i mine auge eit ganske sånn knusande bevis på at ein ikkje har gjort jobben skikkeleg, og kva som har vore motiven.

Det er jo ...

Det er veldig lett å bli konspiratorisk når man jobber med den Kielland-saken.

For det er så mykje som ikkje stemmer, og det er mange openbare motiver til ulike aktørar.

Det skal man vere litt forsiktig med å spekulere i. Men det som det ikkje er nokon grunn til å forstå, som ikkje er ein spekulasjon i det heile tatt, er at måten man har granska og etterforska dette på, har vore ekstremt mangelfull.

Når man 45 år etterpå kan publisere nye dramatiske funn i saka, så er det jo åpenbart veldig mykje som ikkje har vore gjort riktig.

[KLAUS MOHN]

Korleis blir funna og rapporten mottatt i det politiske miljøet i Oslo?

Gjer det inntrykk?

[MÌMIR KRISTJÁNSSON]

Me er i gang med ein prosess på Stortinget for å få dette opp på ny.

Og for å få ei erstatning til dei overlevande og etterlatte.

Funna og ulykka gjer sterkt inntrykk på dei ulike partia.

Ein dragkamp mellom dei som meiner, på den eine sida, at ein bør ta denne saka opp, og dei som meiner at det blir styr å begynne å stresse med det no.

For å seie det veldig enkelt.

Og at det der høyrer til fortida, det lar me berre ligge.

Det har kanskje blitt gjort feil og alt mogleg, men me kan ikkje halde på sånn.

Og her vil eg, berre for å prøve å beskrive litt nøkternt, seie at motkreftene meir enn i stortingspartia ligg eit eller anna sted inne i departement.

Altså ...

For å bruke eit litt Trumpsk begrep.

Du får ei følelse av at det er ein djupstat inni der eit sted, som ikkje er interessert i å gjere noko med dette.

Når eg prøver å utfordre statsråd, eller den type ting, så har eg ingen grunn til å tvile på at Terje Aasland, som energiminister no, er ganske einig med meg, når eg snakkar med han, føler han er det.

Men det er åpenbart ein eller annan motvilje mot å ta ansvar, og kanskje for at det skal utløyse ein slags ...

Følgefeil, og det har dei på ein måte litt.

Vi bruker jo det at Nordsjødykkarane har blitt tilkjent erstatning, det brukes jo no òg.

Dei har jo litt rett i det.

At viss ei gruppe får, så kan det kome fleire som vil ha.
Og kva om ein opnar denne på nyopning, så er det andre ulykker og ting.
Men eg meiner ikkje det er ei spesielt god unnskyldning her.
Men det er ein politisk dragkamp.
Og akkurat no så føler eg at regjeringa driv og ...
Og sprelle litt med korleis dei skal handtere den saka.

[KLAUS MOHN]

Regjeringa har vel ingen plikt til å realitetsvurdere rapporten og respondere på han?
Med mindre nokon, som deg f.eks.
i Stortinget, eksplisitt ber om det?
Eller korleis går den prosessen no?

[MÌMIR KRISTJÁNSSON]

Ja.
Dei har fått den rapporten levert, men det er riktig at det er ikkje noko ... Det er akkurat som du sender eit brev til dei, heldt eg på å seie.
Eller, det er jo eit brev dei har bedt om, da.
Dei har vore med å finansiere det dokumentasjonsprosjektet, så sånn ser det litt meir offisielt ut.
Men nei, det leiar ikkje til nokon prosess, det, av seg sjølv.
Så no kjem me, saman med andre parti på Stortinget, til å stille eit Dokument 8-forslag på Stortinget om å få erstatning.
Ja, og det ... Vi kjem til å stille det på 45-årsdagen for ulykken, for å få mest mulig ...

[KLAUS MOHN]

Torsdag 27.3.

[MÌMIR KRISTJÁNSSON]

Ja, symboltyngd inn i det, kan ein seie.
Og me håper jo det skal lede til ein prosess der Stortinget instruerer regjeringa til å begynne det arbeidet.
Så det trur me jo at skal vere mogleg å få til.
Men responsen frå regjeringa så langt har vore ganske sånn unnvikande, vil eg seie.
Dei har jo ikkje egentleg avfeidd eller avvist det, men dei har bl.a.
i eit svar til meg sagt at dei kanskje vil anbefale Riksrevisjonen å starte ei ny gransking.
Det er heilt greitt for meg at Riksrevisjonen startar ei ny gransking, men det er ikkje Riksrevisjonen som avgjer det erstatningsspørsmålet.
Det er uansett det politiske spørsmålet i Stortinget.
Dei må gjerne granske absolutt kva dei vil, men det forandrar ikkje egentleg på akkurat det.
Eg føler at regjeringa prøver å få denne saka til å gå bort utan at dei egentleg vil stå tydeleg og seie nei.

[KLAUS MOHN]

Kva opplevingar har du når det gjeld mottakinga av rapporten?

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Eg opplever ein ryngande tausheit.

Og eg trur eg tar dette som eit teikn på at alle har innsett at ulykka er samansett.

Og er ulykka samansatt, så sit myndigheitene og operatørselskap med eit ansvar.

Så ... Og da utløyser jo det òg selvfølgelig erstatning til dei etterlatte.

[KLAUS MOHN]

Det er ikkje første gong du publiserer ting rundt Kielland-ulykka.

Og du har laga ein dokumentarserie òg om ulykka.

Kjenner du på nokon grunn til at denne publiseringa vil gi større innflytelse, meir impact og etterverkingar enn det du tidlegare har gjort?

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Ja.

[KLAUS MOHN]

Til tross for tausheten?

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Ja, eg tar jo tausheten òg som ... Det er jo ein kommunikasjon.

Altså, dei ... Ministeren har jo sagt at han skal lese rapporten.

Eg har aldri skrive noko før der ein statsråd har sagt at dei skal lese noko som eg har skrive.

Så det tar eg jo som kompliment.

Og me har ikkje mottatt noko særleg motargumentar.

Så altså ... Eg oppfatter dette som eit svært grundig arbeid.

At det er fire stykk som har stått bak.

Det er jo Eva Jeli og Frode Fanebust og Tor Gunnar Tollaksen og meg som har gjort dette.

Og me har vore veldig nøyaktige.

Fordi at ... Me snakkar jo om menneskeliv.

[KLAUS MOHN]

Er dette ein hovudrapport frå prosjektet, eller er det meir dokumentasjon i vente?

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Det kom ein doktorgrad, som Universitetet i Stavanger skal stå bak.

Og me held på med nokre vitenskaplege artiklar som kjem til å bruke empirien frå denne.

At me måtte gi ut den så fort, denne empiriske undersøkinga, var fordi dei etterlatte og overlevande eigentleg trong å få resultata.

Derfor gav me dette ut empirien før me publiserte ein vitenskapleg rapport.

[KLAUS MOHN]

Kven har grunn til å feire denne siste utviklinga i saka, Mimir?

[MÌMIR KRISTJÁNSSON]

Feiring er ikkje riktig ord å bruke.

Men dei etterlatte overlevande er nærmare no enn dei har vore i erstatningsspørsmålet.

Jeg mener at det er politisk bevegelse i mange partier rundt dette.
Det er òg veldig viktig å knytte dette opp til et vedtak som Stortinget gjorde i en annen sak før jul, som handla om å etablere en særskilt kompensasjonsordning for oljepionerarbeidere som er skada gjennom benzen, løsemidler og andre ting.
Og det er ei heilt anna sak på éin måte, men viss dei er erstatningsberettiga, så er det jo ganske vanskeleg å hevde at Kielland-ulykka ikkje skulle utløyse noko erstatningsansvar, så lenge den er samansatt, som vi seier.
Og også der var det jo ein veldig lang, strabasiøs kamp.
Med mykje motstand, særleg frå departementet.
Og så var det heilt i siste runde at det løсна, ved at Høyre heiv seg med på det som var kravet frå oljearbeidarane og ein del partia på Stortinget, bl.a. oss og Frp og sånn.
Og når Høyre kom ned på det ...
Så skjønnte Arbeidarpartiet at dei hadde fleirtal mot seg uansett.
Så da overbøyde dei øyra.
Det er litt sånn pølser og politikk, dette.
Men det er det eg føler at ein sit og ventar på no.
At eit av desse to store, gamle styringspartia skal løsne litt.
Så lenge dei held saman, så kan dei blokkere det meste.
Men eg oppfattar at det er bevegelse i det, og at det plutselig kan kome ganske mykje bevegelse mange stader.
Det er òg ein frykt der for å ... Ha noko å seie til valkamp?
Det har noko å seie.
Og det er ein frykt der å tape ansikt, sjølvfølgelig.
Og den tausheten er òg ei form for kommunikasjon.
Og dette blir jo ikkje avvist.
Det er litt viktig å understreke at når me spør Åsholm om ting i spørretimen, så avviser ikkje han desse funna.
Eller han prøver å snakke seg bort.
Men det er ingen sånn eigentleg
Så dei vrir seg i stille og prøver å finne ein veg?
Det trur eg er riktig, og då har ein prøvd seg bitte litt med denne.
Kan godt sende det til Riksrevisjonen på ny, liksom.
Men som sagt så skal dette uansett opp til Stortingets behandling, og det trur eg kjem til å gjere at iallfall partia beveger på seg.
Det har me erfaring med.

[KLAUS MOHN]

Så i lov av ein månad eller to her, så kjem me til å vite veldig mykje meir når det gjeld utfallet av akkurat denne saka.

[MÌMIR KRISTJÁNSSON]

Det er riktig.

Dette er eit godt eksempel på noko ein ofte snakkar om.

Korleis forsking og politikk kan gå hand i hand.

Det er både eit sivilsamfunn med dei etterlatte og overlevande, og at ein har gjort eit grundig forskingsarbeid, og så blir det løfta inn på Stortinget for politisk.

[KLAUS MOHN]

Her får forskningsbasert kunnskap meir implikasjoner på den politiske arenaen. Kanskje ikkje berre for denne saka, men det kan bli etterdønningar og ringverknader òg. Det må vere tilfredsstillande?

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Ja, for eg synest at dette handlar om anstendigheit og verdighet. Eg har klar forståelse for at politikarane og fagbevegelsen gjorde det dei gjorde i 1980. Det ... Altså, det kan vi forstå.

Men eg har meir problem med å forstå at dei ikkje kan gjere opp for seg no, i 2025. Fordi at det handlar for dei pårørande og etterlatne, og overlevande, ikkje berre om pengar.

Det har ei veldig sterk psykologisk og symbolsk betydning at nokon tar ansvar og ...

Det var vår skyld at de fekk barndommen på ein annan måte enn de hadde tenkt.

Det er vårt ansvar at du fekk din yrkeskarriere øydelagd.

Me vil gjere opp for dette.

Det er noko med vårt samfunn, det handlar djupare sett om ei rettferdighet.

Som for meg som forskar er veldig tilfredsstillande å møte.

Fordi at det er noko ... Du kan ikkje heilt sette ord på det, men vi beveger oss inn i noko som eg føler at det er nyttig, det vi gjer.

[KLAUS MOHN]

Dypare sett av verdiar knytta til anstendigheit som kolliderer med politiske kortsiktige interesser?

[MÌMIR KRISTJÁNSSON]

Ja, det er det absolutt.

Og så handlar jo dette ... Eg trur veldig mange vanlege folk har vanskeleg for å forstå kvifor det skal sitte så langt inne å ta ansvar.

Det er 45 år sidan dette er, og det er så overveldande beviser for at denne ulykka er samansatt, som ein seier.

Eg synest det er vanskeleg å forstå.

Det trur eg eg har mange med meg i. Men det er òg noko med sjølv tilliten til politikarane og systemet, da.

Altså, det er klart at når denne typen ulykker med 123 døde svøpes i eit slikt slør av tåke og halvkvede aviser og alt mogleg, så ligg jo det som ein verkebull under alle.

Det er offisielle beskjedar frå myndigheitene.

Om ein meiner alvor med at ein er bekymra for at tilliten til politikarane synker, at konspirasjonsteoriar florerer, alt mogleg, så måtte det vere i politikaranes eigeninteresse på sikt å luke ut denne typen hendingar.

Sånn at det ikkje dannar grunnlag for dei meir fantasifulle teoriane som kan springe ut av sånne ting, når folk ikkje blir fortalt heile sannheten.

[KLAUS MOHN]

Så viss det går prestisje i posisjonane, og ein motset seg all kritikk med alle tenkelege midlar og rykker rett i skyttargravene, så kan det over tid undergrave tilliten til politikken?

[MÌMIR KRISTJÁNSSON]

Ja, det trur eg er heilt openbert.

Viss ulykker som denne eller liknande saker ikkje fakta kjem på bordet, og dei ansvarlege blir stilt til ansvar ...

Så oppstår det eit stort sånn rom der folk kan begynne å spekulere i motiv.

Og då er det mykje som fort kan gå galt.

[KLAUS MOHN]

Vi ser det på ei rekkje område der sterke interesser står skulder ved skulder og kjempar om bestemte omfatningar av verkelegheita.

Dette er eitt eksempel på det.

Som samfunnsøkonom har eg følt den nye bokutgivinga om landet som blei for rikt, som Martin Bech heldt i løpet av vinteren.

Han har òg hamna fullstendig under dampveivalsen.

Overkjørt av dei etablerte historiefortellarane.

Det er eit eksempel frå min kant av verda, men det går igjen på området etter område.

Trur du dette setter strek for forskinga på Kielland-ulykka, Marie?

Eller er dette eit eventyr som ... Ikkje eit eventyr, var vel ikkje rette ordet.

Men er det noko som kjem til å fortsette?

[MARIE SMITH-SOLBAKKEN]

Eg trur at dette set ein strek.

Eg trur me går over ... Det neste spørsmålet er det me har diskutert no.

Altså dette med anstendigheit og verdigheit og ansvar.

Altså kvifor er det så veldig viktig å oppretthalde forteljingar etter kvart som ingen trur på?

Det er jo ingen lenger som trur på at den ulykka berre skyldast at det var ein sveisar i Frankrike som hadde ein dårleg dag på jobben.

Altså ... Anne Vatn sa det til meg i 2016, da eg intervjuar henne i forbindelse med Kielland-ulykka.

Det er jo snart ti år sidan.

Då sa ho ... I dag hadde aldri nokon gått med på at ei ulykke berre skyldtes éin ting.

[KLAUS MOHN]

Tusen takk.

Det er eit passende tidspunkt å sette strek.

Og eg trur vi deler oppfatninga om at etter 45 år fram og tilbake, så er det kanskje på tide å sette ein slags strek med verdighet òg for Kielland-ulykka.

Tusen takk for at de var med.

Du har nå lytta til en podkast fra Universitetet i Stavanger.